



Bli med oss!

**Optimismen er for tida særst god i musikklagsgjengen. Dei to siste øvingane har vore ekstra oppløftande med godt oppmøte, og dermed inspirande stemning som høyrst att på det som vert prestert musikalsk. Ekstra kjekt er det at fleire tidlegare medlemmer no er stødige på stolen att på tirsdayskvelden mellom klokka åtte og halv ti. Musikklaget treng enda fleire. Og for tidlegare musikarar som ønskjer kjeke tirsdayskveldar, er dette plassen. Dette er og ein flott plass for innflyttarar som har spelt tidlegare, understrekar musikarane for uskedalen.no**

Musikklaget spelar lett og underhaldande musikk. Alt frå marsjar, valsar, tyrolermusikk til hymnar er på repertoaret. Humøret er alltid på topp! Nivået er svært behageleg. Om det er ein del år sidan du har spelt, er ikkje det noko problem. Per Myklebust er det beste eksemplet i så måte. Han hadde ca 35 år pause, og no kosar han seg skikkeleg med musikken kvar tirsdayskveld.

Vi er bedne om å formidla denne oppmodinga:

Det er berre å stille opp. Det vil resten av musikkjengen setje stor pris på. Det kan vera lurt å kontakte Lars Myklebust på førehand, så kan han ha instrument klart. Altså: Det føregår i skulen frå klokka åtte og utover kvar tirsdaysdag.

Av Ola Matti Mathisen